



Kunnskapsdepartementet  
postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

Dato: 07.12.2015  
Vår ref.: 2015/9256-11  
Saksbehandlar: marhaa5  
Dykkar ref.:

## Høyring om endring av opplæringslova - Praksisbrevordninga. Hordaland fylkeskommune

Vi vise til høyringsskriv frå Kunnskapsdepartementet om forslag til endring av opplæringslova for å innføre praksisbrevordninga, ei toårig praktisk opplæring som eit supplement til ordinær yrkesfagleg vidaregåande opplæring.

Departementet føreslår at praksisbrevordninga skal vere eit tilbod i alle fylke. Frist for uttale er 14.12.2015.

Hordaland fylkeskommune skal prøve ut praksisbrevordninga frå hausten 2016 på eit par skular. Vi har følgjande kommentarar til høyringsforslaget:

Hordaland fylke har med interesse lest NIFU sin rapport 27/2011 «*Praksisbrev – et vellykket tiltak mot frafall. Hva er lærdommen?*» Resultat vi særleg har merka oss er at gjennomføringa aukar betydeleg i målgruppa, i hovudsak grunna kontinuerleg oppfølging frå skulen av ungdomen i bedrift, at opplæring i fellesfag blir gitt i små grupper og at den er yrkesretta, og at ungdomen får gå ut i praksis allereie frå vg1.

Erfaringane viser vidare at praksisbrevet oftast blir sett som eit steg på veg til fullt fagbrev, dvs. at gjennomføring av praksisbrevet blir vurdert som eit delmål på veg mot fullt fagbrev.

Vår vurdering av praksisbrevet grunnar seg på ei vurdering av ordninga som eit delmål der hovudmålet er at flest mogleg held fram og fullfører med fag-/sveinebrev. Opprettig av eit nytt kompetansenivå mellom ordinært fag-/sveinebrev og kompetansebevis og sjansen for å få jobb med dette, er ikkje ugreidd. Rapporten frå NIFU viser imidlertid at dei fleste ungdomane var motiverte for og fekk ordinær lærepllass etter gjennomført praksisbrev.

Udir foreslår at læreplanar blir utvikla lokalt, i nært samarbeid med arbeidsgivarar då føremålet er å dekke lokalt behov for arbeidskraft. Etter vår vurdering er ikkje dette det viktigaste målet med opplæringa, men at fleire gjennomfører fullt fagbrev. Etter vår oppfatning kan læreplanar vere sentralt utforma, også krava til opplæringa i fellesfag.

Praksisbrevordninga vil vere to år i full opplæring. Praksiskandidaten skal ikkje ha reduserte rettar til vidare opplæring, dvs. inntil to år til i bedrift til fullt fagbrev, med opplæring i dei resterande fellesfaga i skule.

Hordaland fylkeskommune vurderer det ikkje som naudsynt å påleggje alle fylke å tilby ordninga med praksisbrev, men å kunne tilby det som ei frivillig ordning på nokre skular, i nokre fylke.

Vi vurderer det som urealistisk at ordninga ikkje skal vere kostnadskrevjande å innføre og drifta, ordninga vil krevje ekstra ressursar når den kjem i ordinær drift.

Når det gjeld opplæringskapasiteten generelt i Hordaland, har vi følgjande kommentarar:

- om lag 30 % av alle læreforhold er i anna utforming enn 2 + 2-modellen  
dvs. om lag 20 % av lærekontraktane er i 0+4 eller 1 +3-modellen
- om lag 120 lærekandidatar i fylket der meir enn 60 % følgjer utvida løp
- om lag 150 løpende TAF kontraktar + eit tilsvarende tal i skule, dvs. 300 ungdomar i TAF
- 110 elevar /læringar ute i vekslingsmodellen. Den er tilbod på tre skular,
- om lag 35 % av elevane frå vg2 er i lære påfølgjande haust. 70 % av dei som søker læreplass gjennom Vigo får plass
- vi har etablert tilbod om produksjonsskule, Hyssingen med 25 elevar p.t.

Det er ofte mangel på ressursar som avgrensar tilbodet skuleiegar/skulane kan gi unge med behov for særskilte løysingar, meir enn regelverket. Desom ein styrker tilbodet med dedikerte, flinke lærarar, god organisering og ekstra ressursar, er det sannsynleg at gjennomføringa vil kunne auke uansett kva ordning som blir praktisert.

Vi gjer merksam på at høyringa må godkjennast i opplæring- og helseutvalet, som ikkje har møte før i januar 2016.

Linda Farestveit  
seksjonsleiar

Marianne Haaland  
seniorrådgivar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*